



Jon Harald Kjærland held fram som formann i Uskedal Indremisjon (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedal Indremisjon hadde årsmøte laurdag med 25 frammøtte medlemmer og attvalde Jon Harald Kjærland som formann.

Dei andre som stod på val vart også attvald og i styret no er Kjærland, Aud Isaksen Haugland, Inger Anne Leite, Tormod Myklebust og Jan Tvedt. Det blir halde konstituerande styremøte 31. januar.

Storvøla i Bedehuset er naturleg nok det som har vore mest framme gjennom året og prosjektet dominerte både årsmelding og rekneskap. Arbeidet med toaletta er for lengst ferdig. Det står også svært lite att med fornying av elanlegget og nytt kjøken.

Uskedelingane har støtta godt opp og det ser svært lovande ut også økonomisk. 100.000 kroner er lånt, men det er enno uvisst kor mykje ein treng av lånet. Det er gjennomført 717 dugnadstimar og det berre av nokre få. I årsmeldinga blir innsatsen karakterisert som imponerende.

Eit rekordstort konfirmantkull har no undervisning i huset og kvar veke er mange barn og unge med på eit eller anna arrangement der.

I årsmeldinga blir det opplyst at få organisasjonar no sender forkynnarar til Uskedalen. Det er berre Indremisjonssamskipnaden og Misjonssambandet som har to årlege møteveker. Dei skulle gjerne hatt fleire.

Søndagsmøter har det kanskje vore litt færre av i år, men byggjearbeidet og vanskar med å få talarar har noke av skulda.

- Vi må nok halda møter utan talar utanfrå frametter, koma saman til oppbyggjing der vi deler Ordet i lag, står det i årsmeldinga.

Som før har det også dette året vore bønemøter på tysdagskveldane. Det er få som møter opp, men ein kjerne er trufast.

I 2008 er Uskedal Indremisjon 145 år og Bedehuset 75 år. Styret planlegg å markera jubilea til hausten.

Andaktshaldar under årsmøtet var Reidar Sætre frå Husnes, som kom inn på oppgåver og utfordringar i ei tid då bibeltruskar ikkje er noko sjølv sagt.

Av Ola Matti Mathisen